



Radøy sør grunneigarlag

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/528 - 16/5314

Saksbehandlar:

Kristine Skaiaa Born

kristine.born@radoy.kommune.no

Dato:

19.04.2016

Skadefelling - Søknad om hijakt på rev i fredningstida - svar Søre Radøy Grunneigarlag

Delegasjonssak nr.: 090/2016

Saksutgreiing:

Me viser til søknad motteke 19.04.2016

Søre Radøy grunneigarlag søker om å gjennomføra hijakt i fredningstida 15/4-15/7, med mål om å redusere lammetapa våren 2016.

Bakgrunn

Raudrev

Raudrev har ein god bestand landet over og er også tallrike i Radøy. Det er noe skabb på øyene så ein prøver å holde revebestanden lav. Rev har jakttid frå 15/07 til 15/4, og er kun fredet i yngletiden. Reven vil i disse tider ha små valper som er sårbare utan mor.

Området

Søre Radøy Grunneigarlag dekker eit areal på om lag 5 kvadratkilometer. Det har dei siste åra vore ein auke i revebestanden og i området er det observert spesielt mye rev i området frå Askeland-Austmarka, mot Olsvold og taule/Holemarka. Det bor om lag 700 vinterfora sau i området og det er allerie tapt 4 lam som bar tydlege merker av rev og 5 lam har forsvunne heilt, troleig og tatt av reven.

Ordinær jakt og felling

Frå beitesesongen 2015 har grunneigarlaget igjen auka fokuset på revejakt og det har vore jakta både med åte og feller. Det er skotpremie på rev i området. Hjortejegerane vert og oppfordr til å skyte rev. Det er i 2015 felt 4 rev lokalt.

Lovgrunnlag

Skadefellingsløyve gis på grunnlag av forskrift om felling av viltarter som gjør skade eller som vesentlig reduserer andre viltartes reproduksjon. Hijakt av skadegjørende rev i fredningstiden hjemles i forskriftens kapittel II. B 3.ledd

«Kommunen kan tillate hijakt på rødrev dersom denne forårsaker vesentlig skade på beitande bufe»

Det stilles etter forskriften generelle vilkår for skadefelling:

«Viltlovens § 14 setter krav om at skade skal ha skjedd. Dette må forstås slik at skaden skal ha oppstått i inneværende sesong, og i et omfang som er av vesentlig økonomisk betydning for den skadelidte, eller som vil få tilsvarende betydning dersom skaden fortsetter.»

Det krevjast og at:

1. «Avliving av skadegjørende viltarter skal skje sikkerhetsmessig og humant forsvarlig»
2. «Før felling plikter eier, bruker eller rettighetshaver i rimelig utstrekning å forsøke andre tiltak»

Vurdering

Fredningsprinsippet og forebyggjande tiltak

Det er i forskrift sett nokre vilkår som må følgast. Eier, brukar eller rettighetshavar skal ha gjort naudsynte tiltak for å redusere skaden før fellingsløyve handsamast. Grunneigarlaget har jakta aktivt på rev gjennom året. Om flytting av sau til andre beiter hadde vore ein løysing forutset landbrukskontoret at bonden hadde gjort slike tiltak. Landbrukskontoret forutset og at jakttrykket haldes oppe i haust/vinter for å betre tilhøva for beitesesongen 2017.

Skade inneværande år og vesentleg økonomisk tap.

Grunneigarlaget har dokumentert tap av lam frå utegangersau (villsau og svartfjes) våren 2016 og problemet vil, om ein ikkje gjer tiltak, føre til store lammetap. Dette gir store økonomiske utslag for kvar enkelt bonde og det er ein påkjenning for bøndene å vite at det er ovehengande fare for lamma heile somaren.

Sikkerhetsmessig og human jakt

Forskrifta set krav til human og sikkerhetsmessig jakt, samstundes seier §1-1 : «Avlivast eit mordyr i yngletida bør avkommet av dyrevernmessige hensyn om mulig avlivast». Det settes her krav til at jeger kontrollerer dyrets kjønn og om det er eit hodyr vurderer om det er valper i hi. Dette kan fastsettes ved å sjekke om dyret har mjølk i pattene. Er det eit mordyr skal ein avlive avkommet og.

Ved hijakt er det viktig at jegarane tar eigen og andres sikkerheit på alvor og har med seg erfarne jegere

(<http://www.njff.no/jakt/Last%20nedsider%20for%20jakt%20skyting%20og%20hund/Last%20ned%20jakt/NJFFs%20faghefte%20om%20hijakt%20p%C3%A5%20rev.pdf>).

Vedtak

Landbrukskontoret gjev Søre Radøy grunneigarlag v/ Kåre Hole Løyve til å ta ut 2 revehi (totalt 4 vaksne rev) i sitt området, om grunneigars samtykke til jakt er innhenta.

- Det skal avlivast skadegjerende individer og valper skal avlives om ein skyt eit mordyr.
- Grunneigar må ha gitt tillatelse til felling på deira eigedom før felling starter.

Løyve er gyldig til og med søndag 29.mai 2016.

Rapport på fellingsresultat skal sendast landbrukskontoret så snart som mogleg, og innan 31/5.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt rådgjevar landbruk Kristine Skaiaa Born.

Med helsing

Kjartan Nyhammer

Kristine Skaiaa Born
rådgjevar landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 7310

5020

BERGEN

Mottakere:
Radøy sør grunneigarlag